

## Årsmelding 2017 Marås 4H

Året 2017 har vore eit variert og spennande år for Marås 4H. Vi starta året med 37 medlemmer, men det var 29 som stilte ut prosjekt på haustfesten. Vi har hatt 13 klubbmøter og 9 styremøter.

Vi starta 4H året med eit pang. Brannvesenet kom til unnsetning med blålys og sirener. Dei fortalte om brannbilen og alle fekk sitte inni. Seinare på året fekk me besøk av Raude Kors som demonstrerte førstehjelp. Dette har vi lært mykje av.

Kvart år har vi eit møte der vi ryddar boss langs hovudvegen rundt Marås. Dette gjer vi fordi at vi får låne huset gratis og vil gje noko tilbake. Og I år hadde vi besøk av ein frå NGIR som fortalte om resirkulering og nedbryting av plast.

Vi prøver å lage mat på de fleste møtene, både inne og ute som eksempel grillspyd, sjokoladecake i appelsin og frukt. Dette faller alltid i god smak.

I Februar spelte vi volleyball og var på symjing i Radøyhallen og dette har blitt en tradisjon. I Mars hadde vi dansekurs for alle medlemmene på Marås.

I april drog det 46 store og små frå klubben til Bergen på teatertur der dei såg «Danny og den store fasanjakten»

Vi markerte også 4H dagen ved å sove Under open himmel .Vi satt opp gamme ved Hallandsvatnet og nokon sov under open himmel. Bålpanna var oppe og vi lagde popkorn, lappar og smørbrød. Ein gjeng frå klubben var også på ein eventyrlig tur på Nøttveitveten. Vi padla kano og kajakk, fiska og mykje anna gøy. Dette er noko vi vil prøve å få til neste år også!

Klubben har arrangert et maskeradeball for 4 - 7 klasse med god oppslutning. Vi hadde DJ, rød løpar, velkomstdrikker og mange forskjellige leker og alt i alt var dette veldig vellykka.

Medlemmene var aktiv på leir og kurs i år. På fylkesleiren deltok 3 medlemmer frå Marås, og på Nordisk leir deltok 4 medlemmer. Tre frå styret deltok på superkurset. 9 deltok på distriksleiren og 8 på Storkurs. Første møtet etter sommarferien drog me til Fedje på sykkelstur. Her fekk me omvising på Hellisøy fyr

I forbindelse med Kystsøgevekene arrangerte vi familiedag. Vi lagde mat og arrangerte leiker for store og små som for eksempel riding, hoppeslott, melkespannholding, natursti med meir. Dette var kjempe vellykka.

Hausten har elles gått til underhaldningsøving og det å få ferdig prosjektene. De eldste hadde sosialkveld med underholdningsplanlegging. I årets underholdning drog me på ein reise verden rundt, innslaga bestod mellom anna av song om verden, dans frå Tyrkia, kornettspeling frå Norge og diktlesing frå Hawaii.

Haustfesten blei vellykka, vi fekk mange gode ord frå Ordførar Jon Askeland og det kom rundt 100 stykker. Det var mange flotte utstillingar blant anna om matlaging, friluftsliv, de gamle fergjene, form og fantasi, dyr, fotball, om ein øy og lage gapahuk. Alle har jobba godt med prosjektene og alle fekk dei godkjente.

Referent

Vilde Kvamme